



G11 klar til start i Spar-løpet.

Med Åkra-løpet i helga vart årets terrengløpskarusell avslutta. Fire løp inngjekk i karusellen. Det var Baroni-løpet i Rosendal, Spar-løpet i Uskedalen og Kvinnheradsmeisterskapet på Husnes i tillegg til Åkra-løpet. Dei som deltok i minst 3 av løpa sikra seg terrengløpsstatuetten. 45 klarte det.

10 uskedelingar fekk statuetten. Det var Viljar Berge-Soldal, Mathias Tungesvik, Nora Tungesvik, Karin Tungesvik, Torbjørn Haugland, Sondre Kjerpeseth, Petter Myklebust, Amund Hella Berge-Soldal, Joa Saghaug Kroka og Dagny Kroka Raudstein.

7 løparar deltok i alle fire løpa, medan 38 var med i 3 løp. 182 var med i eitt av løpa, medan 38 deltok i 2 løp. Dermed var total 265 ulike løparar med i løpa. Størst deltaking var det i år som i fjor, i Sparløpet med 147 deltakarar. Deretter fulgte Kvinnheradsmeisterskapet med 97 deltakarar.

Det blir i tillegg premiering for dei som har sprunge på tid. Her blir det gull,sølv og bronse samt deltakarmedalje til dei andre.

10 åringane skal ikkje rangerast, så dei får alle deltakarmedalje. Når det gjeld premieringa for dei som har sprunge på tid, må dei ha deltatt i 2 eller fleire løp for å få det godkjent.

Premieutdelinga vil verta eit fint innslag under aktivitetdagen i båthamna førstkommande laurdag. Aktivitetdagen startar med mykje kjekt kl.10.30, men premieutdelinga vil skje like etter kl.12.

De finn ein fin oversikt over deltakarar og premierte på UIL si heimeside ved å klikka [HER](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland